



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

### Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 26.02.2019 kl 19.15 i Kyrkjelydshuset.

#### Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Runar Matsui-Li, Stine Røyseth, Lisbeth Haugsbø, Anne Lise Ljotebø, Jarle Berge, Erlend Haugsbø.

#### Desse hadde meldt forfall:

Sturla Bell Fossen, Borgny Birkeland, Leif Arne Furelid

#### Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Karin Grodås, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste:

Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte.

#### MELDINGSSAKER:

##### 000003: Soknepresten har ordet:

Soknepresten las frå teksten som skal brukast under skulegudstenesta i Høyanger onsdag 06.03.2019 og delte tankar rundt dette.

##### 000004: Rekneskapsresultat 2018

Rekneskapan viser eit overskot på om lag NOK 48.000,- som vert overført til bunde fond. Store delar av overskotet er gáva frå Høyanger kommune på NOK 30.000,- i høve jubileet. Saldo i fondet pr. 31.12.2018 er om lag NOK 38.000,-

I tillegg står det om lag NOK 15.000,- i eit fond som tidlegare var tenkt nytta til ungdomsarbeid og om lag NOK 10.000 som høyrer til søndagsskulen. Desse fonda/kontoane bør gjerast opp og førast over til bunde fond.

#### VEDTAKSSAKER:

##### Sak 011/19: Visitasprogram og visitasmelding 2019

Programmet for visitasen var gjennomgått og dei siste detaljane vart finpusa.

Samrøystes

##### Sak 012/19: Nominasjon soknerådsvalet 2019

Nominasjonskomiteen til soknerådsvalet 2019 vert heile soknerådet. Det er i år ikkje høve til å skrive ut liste over medlem i soknet, men vi ønsker likevel å få tilsendt liste over manntalet i soknet til neste møte. Erlend spør kommunen etter liste, Audun forhøyrer seg med kyrkjekontoret.

Listene til valet skal vere klare innan utgangen av april 2019.

Av dei som møtte på møtet i dag var det berre Irene som sa ja til å ta attval. Dette betyr truleg at det trengs 10 nye personar på lista.

Følgjande personar ser vi føre oss å spørje til neste møte:

- Inger Anne Grimeland
- Hilde Vadheim
- Helga Hjetland
- Kari Dale
- Åse Marit Skivenesvåg
- Bjørnar Johannesen
- Unni Andersland Thue
- Unni Kyrkjebo Johansen
- Arvid Beinnes
- Heidi Beinnes
- Jorun Systad
- Unn Sissel Nordheim

Ekstraordinært soknerådsmøte i høve valet vert onsdag 20.03.2019 kl. 18.00.

Samrøystes

**Sak 013/19: Visitasgudsteneste**

Runar sørgjer for marknadsføring av gudstenesta i Ytre Sogn.

Kaker i høve kyrkjekaffi under visitasgudstenesta vert å bestille frå Tronvik (ei glutenfri kake). Irene sjekkar med Tronvik om dette let seg gjere. Alle tek med seg ei kaffe.

**Møtet slutt 21:10**

Erlend Haugsbø

- ref-